



Lindås kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1602 - 16/21994

Saksbehandlar:

Laura Ve

laura.ve@osteroy.kommune.no

Dato:

25.11.2016

Kunngjering om vedtak av kommunal planstrategi for Osterøy kommune 2016-2020

I møte 05.10.2016 gjorde Heradstyret slikt vedtak:
HS vedtak 062/16 05.10.2016

«Med heimel i plan og bygningslova § 10-1 vert Kommunal planstrategi for Osterøy kommune 2016-2020, dagsett 22.08.16 vedteken som styrande verktøy av ressursar for perioden 2016-2020»

Lenkje til full artikkel og dokument:

<http://www.osteroy.kommune.no/vedtak-av-kommunal-planstrategi-for-osteroy-kommune-2016-2020.5926652-309536.html>

- [saksframlegg til vedtak](#) (ctrlklikk på tekst for å laste ned dokument)
- [vedteken planstrategi for Osterøy kommune 2016-2020](#) (ctrlklikk på tekst for å laste ned dokument)

Bakgrunn

Framlegg til kommunal planstrategi, handsama av Heradstyret 22.06.2016, har vert ute til høyring og offentleg ettersyn. Det er kome inn to merknadar frå Osterøy Industrielag og Fylkesmannen i Hordaland.

For prosessen med utarbeiding av Kommunal planstrategi for planperioden 2016-2020 var strategisk leiargruppe arbeidsgruppe, medan formannskapet var styringsgruppe. Planseksjonen koordinerte arbeidet. Planstrategien legg mellom anna opp til:

Ferdigstilling av pågåande planarbeid:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Kommunedelplan for sjø- og strandsona
- Kommunedelplan for oppvekst
- Kommunedelplan for kulturminner

Post

post@osteroy.kommune.no
Dokumentsenteret
5282 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto
Org.nr. 864.338.712

- Områderegulering av Valestrand sentrum

Oppstart av planarbeid:

- Overordna risiko- og sårbaranalyse 2016 (tilsynssak)
- Overordna beredskapsplan – (tilsynssak)
- KDP avløp med justering av vassforsyning 2017
- KDP transport 2017
- Områderegulering Lonevåg oppstart 2016
- Rullering av kommuneplanen sin arealdel 2018
- Områderegulering Haus og Åsheim 2019
- Plan for massehandsaming 2017

Arbeidet med Samfunnsplanen kan avdekke behov for nye planar og revisjon av gjeldande planar.

Rådmannen viser til planstrategidokumentet for utfyllande informasjon om prioriteringar av planarbeid i perioden.

Folkehelse

Ved arbeidet med kommunal planstrategi er fleire område under folkehelse undersøkt, vurderte og ligg til grunn for prioriteringane som er gjort.

Miljø

Miljøomsyn og berekraftig utvikling er vurdert og ligg til grunn for prioriteringane som er gjort.

Økonomi

Prioriteringane i planstrategien er meint å vere styrande for ressursbruken til kommunen. For å nå målsetjingane i strategien vert det viktig å følgje opp med ressursar i økonomiplan og budsjett. Det kan verte utfordrande for kommunen å balansere prioriteringane knytt til målsettingane i planstrategien opp mot lovpålagte oppgåver og andre viktige område for kommunen sitt virke. Ein har forsøkt å finne ein realistisk prioritering av tid og ressursar samstundes som det er eit sterkt ønske om å vere offansiv i høve til å gjennomføre god planlegging som vil kunne legge til rette for god utvikling av kommunen. Rådmannen meiner at ein har funne eit leveleg kompromiss av desse omsyna i planstrategien for koma nde planperiode.

Med helsing

Laura Ve
seksjonsleiar Plan

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakar:

Austrheim kommune
Bergen kommune

Mottakar:

Fedje kommune			
Fiskeridirektoratet - Region vest	Postboks 185	5804	BERGEN
	Sentrum		
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Gulen kommune			
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Lindås kommune			
Masfjorden kommune			
Meland kommune			
Modalen			
Osterøy Industrielag		5282	LONEVÅG
Radøy kommune			
Vaksdal kommune			